



Hardanger AKS AS
Sjusetevegen 67
5610 ØYSTESE

Dato: 05.01.2017
Vår ref.: 2015/943-54
Saksbehandlar: nilvetl
Dykkar ref.:

Hardanger AKS AS - styrking av egenkapitalen

Vi viser til brev og e-post til fylkesrådmannen om styrking av egenkapitalen i Hardanger AKS AS.

Selskapet viser til at Hordaland fylkeskommune har betalt inn sin del av den vedtekne kapitalutvidinga i etterkant av ekstraordinær generalforsamling i 2015.

Kvam herad betalte ikkje inn sin del av kapitalutvidinga i 2015. Etter eigarmøte mellom Kvam herad og Hardanger AKS AS er det no semje om at heradet skal betala inn sin del av kapitalutvidinga under føresetnad av at innbetalt sum frå m.a. Hordaland fylkeskommune vert ståande i selskapet.

Fylkesrådmannen legg til grunn at fylkeskommunen si deltaking i kapitalutvidinga står ved lag og at den innbetalte summen dermed vert verande i selskapet.

Dette brevet vert lagt fram for fylkesutvalet til orientering på fyrste møte i 2017.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.